



Kommunedelplan for overvatn info om plan på høyring

► 2024-09-17



Kvam herad



Storflommen i Europa:

«Boris» herjer videre: – Det var armageddon

21 personer er bekreftet omkommet som følge av ekstremværet. Nå er flommen på vei mot Budapest i Ungarn og Wroclav i Polen.

TV2 nyheter
17.9.24 =>



OVERSVØMT: Store deler av Litovel i Tsjekia stod under vann mandag. Foto: Photo by Radek Mica / AFP)

Formål med Kommunedelplan for overvatn

Formålet

- ▶ Å ivareta handtering av overvatn i arealplanlegging og byggesak, og identifisere konkrete tiltak på overvassanlegg i kommunen.

Målsetjinga for dette arbeidet er:

- 1) Ivareta vatnet sitt kretsløp med naudsynt infrastruktur.
- 2) Overvatn skal ikkje forureine miljøet.
- 3) Redusere risikoen for overfløyming.
- 4) Rettleie eksterne (utbyggjarar, rådgjevarar, tiltakshavarar og arealplanleggjarar).
- 5) Forbetre kommunal sakshandsaming gjennom å tydeleggjere rutinar og utarbeide gode verktøy for sakshandsaming.

Kva er nytt med KDP overvatn?

Tre konkrete grep

- ▶ 1. Skrive ned korleis kommunen handterer overvatn/flaum i *reguleringsplaner/arealplaner*
- ▶ 2. Oppdatert kravene/spesifisert kravene til *teknisk plan*.
- ▶ 3. Kart utarbeidd

Handlingsplan

1. Etablering av **rutinar** for sakshandsaming av VA-rammeplanar og tekniske planar i forkant av sakshandsaming av utlegging av arealplanar til høyring og vedtak om igangsetjingsløyve.
 - Dette vert gjort ved å utarbeide **malar for sakshandsaming**.
2. Etablering av **web-basert overvasskart** og oppdatering av kartet i samband med framtidig rullering av kommunedelplan for overvatn.
 - Sjå vedlegg/kartlenke.
3. **Auke teknisk- og forvaltingskompetanse** for overvasshandtering på tvers av **avdelingar i kommunen**.
 - Det gjennomførast ein **workshop/kurs/seminar** for avdelingar i kommunen som er ramma, der kommunedelplan for overvatn presenterast, oppgåver løysast og rutinar forankrast.
4. **Auke teknisk kompetanse, auke forståinga for trongen for å ivareta overvatn i arealplanar hos konsulentar og forslagsstillarar**.
 - Det gjennomførast ein **workshop/kurs/seminar** for entreprenørar, konsulentar og forslagsstillarar der kommunedelplan for overvatn og krava til overvassplanlegging blir presentert, samt presentasjon av korleis ein praktisk skal oppfylle krava.


► I tillegg til 6 konkrete tiltak på overvassanlegg i kommunen.




4.1 HERADET SITT ANSVAR

Kommunen har sektoransvar for overvatn i arealplanar. Dette inneber at kommunen i arealplanar har ansvar for å:

- 1) **koordinere** arbeidet med handtering av overvatn,
- 2) **sikre heilskap** i systema for overvatn og forvaltinga av overvatn,
- 3) **retteleie og informere** alle som er involvert i arbeidet med overvatn,
- 4) **pålegge** private anleggseigarar/grunneigarar tiltak der det er føremålstenleg,
- 5) **drift** av kommunale overvassanlegg,
- 6) **utarbeide overordna planar.**




Sammenheng mellom planar



Figur 7 Samanhengen mellom overordna overvassplanar og prosjektering av overvassanlegg i ei byggesak. NB! Teknisk plan omfattar meir ein berre VA, den omfattar også veg og anna infrastruktur.

SAKSGANG



Ansvarsdeling

Plan- og byggesak

- Utfører den formelle saksbehandlingen.
- Koordinerer planarbeidet.

Kommunalteknikk

- Behandler planer for overvatn ved å vurdere de tekniske sidene (sammenheng med overordna system, om overvann er tilstrekkelig vurdert, dimensjonering, krav til innhold i VA-rammeplaner jmf. KDP overvatn.

Næring og landbruk

- Gir **skriftlig** uttalelse til arealplaner og byggesaker som omhandler avrenning fra landbruk.

Kommunegeolog

- Gir **skriftlig** uttalelse til arealplaner og byggesaker som omhandler vassdragsflom.

4.3 ANSVARSDDELING INTERNT I KOMMUNEN

Ulike delar av kommunal forvaltning har ansvar for overvatn. I Kvam herad fordelast ansvaret slik:

Plan- og byggesak

Plan og byggesak vil formelt sakshandsame og godkjenne overvassplanar jf. plan- og bygningslova som ein del av arealplanar og byggesaker. Plan- og byggesak innhentar utsegn frå avdeling for Kommunalteknikk. Anlegg for overvatn kan også ha funksjonar utover transport av overvatn frå A til B. Det kan vere anlegg som også skal fungere som rekreasjonsområde (t.d. turdrag langs ei bekkeopning, innebere eit ureiningsutslepp, handtere landbruksavrenning, krysse vegar, osv.). I slike høve vil det vere aktuelt å innhente utsegn frå fleire aktørar, slik som Norges vassdrags- og energidirektorat, Statsforvaltaren, vegeigar, osv..

Kommunalteknikk

Avdeling for kommunalteknikk behandlar planar for overvatnet sin samanheng med overordna overvass-system, tilstøytane planar samt vurderer om overvatn er tilstrekkeleg utgreidd i samband med arealplanar og byggesaker. Blant anna inneber det kontroll av at anlegga er dimensjonert, flaumvegar er ivareteke og at prinsipp-løysingar er viste. Krav til VA-rammeplanar er omtalt i kommunedelplan for overvatn kapittel 8. Avdeling for kommunalteknikk sakshandsamar overvatn i samband med VA-rammeplanar (arealplanar) og teknisk plan (søknad om igangsetjingsløyve).

Næring og Landbruk

Avdeling for næring og landbruk gjev skriftleg utsegn til planar og byggesaker som handlar om avrenning frå landbruk. Aktuelle problemstillingar er ureining frå landbruksavrenning, drenering av jorde langs vassdrag, o.l. Plan- og byggesak innhentar skriftleg utsegn frå avdeling for Næring og Landbruk i dei sakene der det er relevant. Der avrenning frå landbruk blir ført inn på det kommunale leidningsnettet, skal det søkjast om påsleppsløyve. Søknad om påsleppsløyve blir sakshandsama av Avdeling for kommunalteknikk.

Kommunegeolog

Kommunegeologen er organisert under plan- og byggesaksjefen. I arealplanar og byggesaker der vassdragsflaum er eit tema, skal kommunegeologen gje eit skriftleg utsegn til arealplanen/byggesaka. Det er såleis ein skilnad mellom vassdragsflaum (jf. TEK17 og vassressurslova §2) og overfløyning frå overvatn.

Strategi fra plandokumentet

1. Tre-trinnsstrategien (neste slide)
2. Separeringsstrategien
3. 1-røyrstrategien
4. Ureining

5

Strategi for handtering av overvatn

Strategiane er utarbeidde for å nå målsetjinga omtalt i kapittel 2. Strategiane skal sikre gode og funksjonelle løysingar for overvatn som tek omsyn til sikkerheit, miljø og estetikk. Strategiar og målsetjingar legg føringar for val av løysingar for overvatn.

Planlegging av overvatn må samordnast med arealplanlegginga. Det inneber at prinsipp eller løysningar for handtering av overvatn skal vurderast og fastsetjast i arealplanar (kommuneplan/ kommunedelplan/ reguleringsplan). Dette skal ivaretakast ved utarbeiding av eigne planar for handtering av overvatn (VA-rammeplanar, prinsipp-planar for handtering av overvatn). I enkelte høve kan det vere aktuelt med planar for overvatn som omtalar spesifikke tema som dreinsplanar og flaumplanar. Moglegheiter for samordning mellom handtering av overvatn og grønstruktur, vegplanar o.l. skal søkjast utnytta.

Overvasshandtering skal samordnast med eksisterande og planlagt arealbruk.

Følgjande overordna prinsipp detaljerer krava til handtering av overvatn:



- Planlegging av overvatn skal alltid utførast for heile nedbørsfeltet og dekkje heile planområdet.
- Ved utbygging av nye område og ved fortettingsprosjekt må handteringa av overvatn planleggast og utførast på ein slik måte at overvatnet ikkje gjev skadar eller ulemper i områder oppstrøms eller nedstrøms (derunder økonomiske ulemper ved framtidige tiltak).
- System for overvatn skal leie nedbør (regnvatn og snø) på ein sikker, miljøtilpassa og kostnadseffektiv måte slik at innbyggjarane si helse, sikkerheit og økonomiske interesser blir ivarettatt.
- Alt overvatn skal fortrinnsvis takast hand om lokalt, det vil seie gjennom infiltrasjon, utlepp til resipient, eller på annan måte utnyttast som ressurs slik at vatnet sitt kretsløp blir oppretthalde, og reinsingsevna til naturen blir utnytta.
- Tilførsel av overvatn til offentlege avløpsnett skal minimerast.
- Tiltak som fører til auka overflateavrenning og auka vasstilførsel til vassdrag skal vere spesielt omtala og vurderte i arealplanar.
- Opne flaumvegar skal merkast på kart. Nye tiltak må heller ikkje hindre flaumvegar for vatn.
- Framtidige klimaendringar skal takast omsyn til.
- Tiltak bør setjast inn ved ureiningskjelda (reduere produksjon av ureining gjennom riktige materialval for bygningar, godt gatereinhold, og liknande.).
- Prinsipp for handtering av overvatn skal fastsetjast i arealplanar (t.d. reguleringsplanar).
- Den naturlege vassbalansen skal søkjast opprettheldt innanfor planområdet.
- Vatnet skal gjerast meir synleg og tilgjengeleg i utbygde område/byområde.
- Opne blågrøne løysingar skal prioriterast.
- Eksisterande bekkelukkingar skal vurderast å gjenopne.
- Overvatn skal ikkje påverke vasskvaliteten i resipienten negativt.
- Ureina og ikkje-ureina overvatn bør haldast fråskilde.
- Handtering av overvatn skal, der det er mogleg og føremålstenleg, løysast slik at arealet også kan brukast til leik, rekreasjon og parkmessige innslag i bygde område.
- Når leidningsnettet blir overbelasta, tetta eller øydelagt, skal det finnast eit avrenningssystem på overflata der overvatnet kan avleiest utan å gjere skade.
- Vegeigar skal involverast tidleg i tilfelle der vegar planleggast som flaumvegar.
- Hovudvegar som er svært sentrale for overordna framkomst skal ikkje fungere som flaumveg.

Løysingar som avvik frå ovanståande skal grunngjevast særskilt.



Strategi for håndtering av overvann

Planlegging



Tabell 1: Oversikt over nødvendige dokument i ei regulerings- eller tiltakssak, samt ansvaret for å utarbeide dette.

| Nr. | Kva | Skildring | Ansvarleg for utarbeiding av overvassplan |
|-----|--|--|--|
| 1 | Kommuneplanen sin arealdel (KPA) | Overvassplanlegging inngår som ein del av føresegnene og omsynssoner i KPA. | Kommunen |
| 2 | Kommunedelplanar | Overvassplanlegging inngår i VA-rammeplan | Det må avtalast om kommunen eller forslagsstillar utarbeider VA-rammeplan. |
| 3 | Områderegulering | Overvassplanlegging inngår i VA-rammeplan | Forslagsstillar |
| 4 | Detaljregulering | Overvassplanlegging inngår i VA-rammeplan | Forslagsstillar |
| 5 | Søknad om byggjeløyve (* 2 hus eller meir) | Overvassplanlegging inngår i teknisk plan | Tiltakshavar |
| 6 | Søknad om enkelt byggeløyve | Ingen krav om teknisk plan, men enkel beskrivelse av overvatnet på eigedomen | Tiltakshavar |

VA-rammeplan

Teknisk-plan

Enkel beskrivelse

* I tabell 1 linje nr 5 over er det meint at det nødvendig å utarbeide ein teknisk plan for tiltak planlagt for 2 eller fleire bustadhus. Linje nr 6 er meint for tiltakshavar som planlegg eit bustadhus. Det må likevel vere høve til å krevje ein teknisk plan for store hus dersom det er tenkt ei blokk eller større t.d. lager/landbruksbygning. Sjølv om linje 6 enkelthus ikkje krev ein full teknisk plan kan sjekklista likevel nyttast for tiltakshavar dersom han ynskjer det.

Krav til VA-rammeplan /
Reguleringsplan

Tabell 2 Oversikt over krav til innhald i ein overvassplan (VA-rammeplan)

| Nr. | Dokument | Innhald | Kommentar |
|-----|--|---|---|
| 1 | VA-rammeplan rapport | Føringar frå overordna og tilstøytande planar | Opplisting av planar som gjer føringar for den aktuelle VA-rammeplanen samt kva for slags føringar dette er. Det kan vere oppstrøms og nedstrøms planlagde flaumvegar, at det aktuelt planområdet skal ta imot overvatn frå andre planområde, tiltak som går på tvers av plangrenser (til dømes bekkeopning) og liknande. |
| | | Føresegn som omhandlar overvatn, vatn og avløp | Føresegn i reguleringsplanen som omhandlar overvatn, drikkevatt og avløp skal gjengjevast i VA-rammeplanen. |
| | | Vurdering av vasskvalitet i nedstrøms resipient | Nedstraums resipient skal kort omtalast. Dersom tilstanden til resipienten eller miljømål set føringar for reinsing av overvatn, skal dette omtalast. |
| | | Omtale av overvassanlegg | Alle overvassanlegg som skal etablerast, skal nummererast og omtalast. Nummereringa i rapport skal samsvare med nummereringa på teikningsvedlegg. Planlagt eigar av overvassanlegga skal føreslåast (kommunal, statleg, privat). Dette gjeld alle overvassanlegg, slik som infiltrasjonsanlegg, lukka anlegg, opne anlegg, reinseinnetningar og liknande. |
| | Bekkeopning | Der kor bekkeopning vert vurdert, skal slik vurdering omfatte lengdeprofil, tverrsnitt (tal etter behov), naudsynt hydraulisk kapasitet, største og minste vassføring, anleggsgjennomføring, råka grunneigarar, rekkefølge for utbygging, skildring av bekken sitt bidrag til estetikk, naturmangfald og tilpassing til omgjevnadane. | |
| | Bekkelukking | Der kor bekkelukking vert vurdert, skal slik vurdering omfatte naudsynt kapasitet, konsekvens ved gjentetting/overbelastning, anleggsgjennomføring, råka grunneigarar, naudsynt rekkefølge på utbygging, konsekvensar for naturmangfald, økosystem, estetikk og konsekvens for omgjevnadane. | |
| | Eksisterande og nye flaumsoner og flaumvegar | Utrekning av dimensjonerande vassmengd skal visast for alle overvassanlegg. | |
| | Konsekvensar for nedstraums område | Konsekvensar av planlagt arealbruk for nedstraums område skal omtalast. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Høve til annan infrastruktur | Anna infrastruktur, som straum- og telekablur, snøbrøyting og renovasjon blir normalt ikkje kravd planlagt som ein del av VA-rammeplan. Dersom det i særskilde tilfelle vil vere behov for å planlegge anna infrastruktur på reguleringsplannivå, vil kommunen kunne setje krav om dette slik at ein er sikra at infrastrukturen samla sett er samordna. |
| | | Avvik frå VA-norm inkl. retningslinjer for overvasshandtering | Planlagde avvik skal listast opp. Problemstillingar som oppstår ofte er leggedjupn, avstand til byggverk og tilgjenge for drift og vedlikehald. |
| 2 | Teikning 1: Situasjonsplan | Areal avsett til infiltrasjon | Areal avsett til infiltrasjon skal visast på situasjonsplan. I tillegg skal arealet visast på reguleringsplankartet i form av områdeføresegner, omsynssone eller arealformål. |
| | | Eksisterande og nytt vatn- og avløpsanlegg | Dette kan innebere behov for fysisk kartlegging av eksisterande anlegg. |
| | | Tilknytingspunkt til eksisterande leidningsnett | Tilknytingspunkt veljast i samråd med kommunen. |
| | | Føreslått eigarskap til nytt vatn- og avløpsanlegg | Eigarskap føreslåast i samråd med kommunen. |
| 3 | Teikning 2: Situasjonsplan /oversiktsplan | Nye og eksisterande flaumvegar og flaumsoner | Nye flaumvegar og flaumsoner skal visast på kartvedlegg og i reguleringsplanen i form av områdeføresegner, omsynssone eller arealformål. I VA-rammeplanen skal den dimensjonerande vassmengda og flaumnivå skrivast på kartet. Flaumvegar og flaumsoner kan vere normalt våte (til dømes bekkar og innsjøar) eller normalt tørre (til dømes lågbrekk og vegar). |
| | | Naturlege avrenningsmønster og evt. endringar i avrenningsmønster og nedbørsfelt | Avrenningsmønster vert enklast vist med avrenningslinjer og nedbørsfelt utarbeidde ved hjelp av GIS-analyse. Tilgrensande nedbørsfelt skal også visast på oversiktskartet. Kartet skal vise heile nedbørsfelt(et). |
| 4 | Teikning 3: Andre teikningar | Teikningar avheng av art og omfang av planlagt arealbruk. Dette kan vere tverrsnitt, lengdeprofil, utnytting av areal under terrengnivå, m.m. | Avhengig av kompleksiteten på tiltaksområdet, kan det vere naudsynt å utarbeide fleire teikningsvedlegg. Til dømes kan teikning nr. 2 utarbeidast som to teikningar (ein for eksisterande situasjon og ein for ny situasjon), og det kan være naudsynt med eigne teikningar av særskilt kritiske tverrsnitt, m.m. |
| 4 | Digitale filer | Flaumvegar og flaumsoner | Areal avsett til flaumvegar og flaumsoner skal leverast som digitale, georefererte filer (til dømes shape-, dwg- og sosi-format). Krav til filformat kan endrast avhengig av utvikling innan digitalisering. |



Byggesak

9.4 BYGGESAK: TEKNISK PLAN

Teknisk plan omfattar følgjande tema:

1. Drikkevatn
2. Avløp
3. Overvatn
4. Renovasjonsteknisk plan
5. Veg
6. Park- og grøntareal

Teknisk plan vert utarbeidd som ein del av byggjesøknaden. Når det gjeld overvatn, vert det ikkje skilt mellom detaljgrad i teknisk plan på søknad om rammeløyve og igangsetjingsløyve. Det inneber at overvatn må være ferdig planlagt/prosjektert ved søknad om rammeløyve. Det vil då ikkje vere naudsynt med ytterlegare detaljer ved søknad om igangsetjingsløyve, med mindre det er endringar i høve til rammesøknaden.

Den detaljerte skildringa av krav til innhald i teknisk plan er samanfatta i ei sjekkliste som er vedlegg til VA-norma. Det er den til ein kvar tid gjeldande/oppdaterte sjekklista i VA-norma som skal leggest til grunn for planlegginga. Kravet til utarbeiding av teknisk plan gjeld for søknad om byggjeløyve for 2 hus eller meir Dette er i tråd med tidlegare politisk vedtak i samband med oppdatering av VA-norma, for kva som utløyser ein teknisk plan (HST vedtak 11. mai 2021):

Teknisk plan

1. Følgjebrev
2. Tegninger

 Sjekkliste sluttokumentasjon.docx

 Sjekkliste teknisk plan.docx

Webkart

- ▶ [Kvam herad - KDP overvann \(arcgis.com\)](#)



Oppsummert

- I tråd med overordna sentrale føringar
- Dagsaktuelt
- Treng ein overordna ov-plan
 - Internt
 - Ekstern
- Avventar vidare politisk behandling